



Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal- og samfunnsplanavd.  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/658 - 17/5437

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
17.03.2017

## Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - LNF - og frå forbod mot tiltak i strandsone på Moldekleiv, gbnr 27/41.

### Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå tiltakshavar Berit Midtun v/Solhytten AS om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsone – , jf plan- og bygningslova § 1-8 , for riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad på Moldekleiv, gbnr 27/41.

### Planstatus:

Gbnr 27/41 er ein bebygd fritidseigedom og er kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF spreidd.

### Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå Solhytten AS søkt om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsone for riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad på parsellen, sjå vedlegg.

Omsøkt tiltak ligg i kommuneplanen sin arealdel som LNF spreidd fritidsbustad. Då omsøkt tiltak er tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 a, tolkar administrasjonen dispensasjonssøknaden også å gjelde søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.

For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

### Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF-sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1- 1 i plan- o g bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om løyve i eitt trinn GBNR 27/41 - riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad.

Kart

Teikningar

Kart

27-41 1\_1000

27-41 1\_3000

Søknad om løyve i eitt trinn GBNR 27/41 - riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad.

**Kopi til:**

Berit Iren Midtun  
Solhytten As

Kolstibotn 12      5098  
Welhavens vei 4      4319

BERGEN  
SANDNES

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunal- og  
samfunnsplanavd.

5020

BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

Regionalavd.

5020

BERGEN